Kvartalsrapport

3. kvartal 2026

VOSS SPAREBANK



Innholdsfortegnelse

Nykeltal 3

Samandrag og utsikter – 3. kvartal 2026 4

Finansiell utvikling 5
- Driftsinntekter 5
- Driftskostnadar 5
- Resultat 5
- Tap på utlån 5
- Rådveldekapital og forretningskapital 5
- Innskot frå kundar 6
- Utlån til kundar 6
- Aksjar og renteberande verdipapir 6
- Eigenkapital og kapitaldekning 6
- Likviditet 7
- Misleghald 7

Resultatrekneskap 8

Balanse 9

Eigenkapitaloppstilling 11

Notar 12
- Note 1. Generell informasjon 12
- Note 2. Rekneskapsprinsipp 13
- Note 3. Utlån fordelt på sektor og næring 15
- Note 4. Innskot frå kundar fordelt på sektor og næring 15
- Note 5. Kredittsvekka engasjement 16
- Note 6. Nedskrivning på utlån, garantiar, unytta kredittar og lånetilsagn 17
- Note 7. Kapitaldekning 20
- Note 8. Verdsetjingshierarki finansielle instrument til verkeleg verdi 21
- Note 9. Verdipapirgjeld 22
- Note 10. IFRS leigeavtalar 23

Nykeltal

3. kvartal 2026 (morbank)

87,7 mill.

Per utgangen av kvartalet har banken eit driftsresultat før tap og skatt på kr 87,7 mill.

89,9 mill.

Totalresultatet kr 89,9 mill. Resultat etter tap og skatt er kr 75,2 mill.

1 280 mill.

Banken sitt eigenkapitalfond er på kr 1 280 mill. Av dette utgjer teljande eigenkapital kr 1 216 mill.

36,9 %

Rein kjernekapitaldekning på 36,9 %.

5 608 mill.

Banken har innskot frå kundane sine på kr 5 608 mill. Dette er fordelt med 22,4 % til bedrifter og 77,6 % til privatkundar.

6 053 mill.

Banken har lånt ut kr 6 053 mill. til kundane sine, inkl. kr 290 mill. som er overført til Verd Boligkreditt AS. Utlåna er fordelt med 23,0 % bedrifter og 77,0 % til privatkundar.

4,0 %

Innskotsveksten siste 12 månadane er på 4,0 %. Av dette ein auke frå bedrifter på 3,7 % og ein auke på 4,1 % frå privatkundar.

5,2 %

Det er ein auke i utlån siste 12 månadane på 5,2 %. Av dette -4,2 % til bedrifter og 8,4 % til privatkundar. Veksten er inkl. endringar i lån overførde til bustadkreditt.

7 316 mill.

Banken sin rådveldekapital var ved kvartalet er kr 7 316 mill. Inkl. overføring til bustadkreditt, er forretningskapitalen kr 7 607 mill.

41,3 %

Kostnadsprosenten per utgangen av kvartalet var 41,3 %.

Samandrag og utsikter – 3. kvartal 2026

Voss Sparebank leverer eit rimeleg godt resultat for 3. kvartal 2026. Banken oppnådde eit driftsresultat på kr 87,7 mill., med eit resultat etter tap og skatt på kr 75,2 mill. Totalresultatet enda på kr 89,9 mill. For totalresultatet utgjer verdiendring på anleggsaksjar kr 15,3 mill.

Til samanlikning var driftsresultatet for same periode i fjor kr 87,5 mill., medan resultat etter tap og skatt var kr 65,3 mill. Totalresultatet var då kr 78,2 mill.

Samla driftsinntekter utgjorde kr 150,0 mill., noko høgare enn same periode i fjor der driftsinntektene var kr 147,9 mill. Auken skuldast hovudsakleg auka andre driftsinntekter.

Driftskostnadane utgjorde kr 62,3 mill., tilsvarande ein auke på kr 2,0 mill. ved utgangen av same kvartal i fjor. Kostnadsprosenten per utgangen av kvartalet er 41,3 %.

Tap på utlån er framleis låge. Per utgangen av kvartalet vart det tilbakeført tap på kr 1,8 mill.

Banken ser god utvikling i både innskots- og utlånsmarknaden. Siste 12 månader er samla innskots- og utlånsvekst høvesvis 4,0 % og 5,2 %. Utlånsveksten mot privatmarknaden siste 12 månader er 8,4 %.

Banken ventar framleis god aktivitet i privatmarknaden og eit stabilt kredittrisikobilete. Arbeidet med lønsam vekst, kostnadskontroll og vidareutvikling av verksemda vil halde fram til beste for kundar og lokalsamfunn. Som ein del av dette arbeidet er banken i gang med å byggja opp aktivitet i Odda, noko som på sikt vil innebera fleire årsverk. Satsinga vil i ein periode representera ei investering for framtida og medføra auka kostnader, men er viktig for å sikra banken ein sterk posisjon og eit godt kundetilbod i lokalmarknaden.Samstundes er det forventa ei viss svekking av lønsemda som følgje av vedvarande marginpress og kostnadsvekst. Banken har god soliditet og likviditet, motiverte tilsette som gjer ein viktig innsats for banken og fellesskapet. Som lokal sparebank arbeider Voss Sparebank kontinuerleg for å levera gode kundeopplevingar, med mål om å vera det naturlege fyrstevalet for bank- og finansieringstenester på Voss og i bygdene rundt.

Finansiell utvikling

Driftsinntekter

Samla driftsinntekter ved utgangen av kvartalet var kr 150,0 mill., samanlikna med kr 147,9 mill. i same periode i fjor.

Rentenettoen i kvartalet var kr 128,8 mill., ein reduksjon frå kr 129,0 mill. i fjor. I høve middelverdien av banken sin rådveldekapital (MVR) utgjorde dette 2,39 % mot 2,52 % i fjor. Renteinntektene på utlån, sett i høve middelverdien av brutto utlån, utgjorde 5,4 % så langt i år, mot 0 i fjor. Rentekostnadane på innskot utgjorde 2,5 %, mot 2,70 % i fjor.

Andre driftsinntekter var kr 21,2 mill., ein auke på kr 2,4 mill. samanlikna med same periode i fjor.

Driftskostnadar

Driftskostnadane ved utgangen av kvartalet var kr 62,3 mill., ein auke frå kr 60,3 mill. ved utgangen av same kvartal i fjor. Dette svarar til ein kostnadsauke på 3,3 %. I driftskostnadane ligg det òg kr 3,6 mill. i finans- og formueskatt.

Resultat

Per utgangen av kvartalet leverte Voss Sparebank eit driftsresultat før tap og skatt på kr 87,7 mill., ein marginal auke frå kr 87,5 mill. i same periode i fjor. For inneverande år utgjorde dette 1,62 % i høve middelverdi av banken sin rådveldekapital (MVR), mot 1,71 % i fjor.

Etter tap og skatt var resultatet kr 75,2 mill. (1,39 % av MVR), mot kr 65,3 mill. i fjor (1,28 % av MVR).

Totalresultatet enda på kr 89,9 mill., opp frå kr 78,2 mill. ved utgangen av same kvartal i fjor. I utvida resultat bidreg verdiendring på anleggsaksjar med kr 15,3 mill., mot tilsvarande bidrag på kr 12,6 mill.

Tap på utlån

Tap på utlån er framleis låge. Per utgangen av kvartalet er det kostnadsført kr kr -1,8 mill. Ved utgangen av same kvartal i fjor var det kostnadsført kr 2,5 mill. Tilbakeføringa i år medfører ein betring av tap på kr 4,3 mill. Sjå note 5 og 6 vedkomande tap og nedskrivingar på utlån og misleghaldne lån.

Rådveldekapital og forretningskapital

Rådveldekapitalen per utgangen av kvartalet var kr 7 316 mill., ein auke frå same periode i fjor på kr 287 mill. (4,1 %). Med tillegg av kr 290 mill. overført til bustadkredittføretaket, utgjer forretningskapitalen på kr 7 607 mill. På same tidspunkt i fjor var forretningskapitalen kr 7 342 mill.

Innskot frå kundar

Innskot frå kundar per utgangen av kvartalet var kr 5 608 mill., ein auke siste året på kr 218 mill., tilsvarande 4,0 %. Innskotsveksten mot privatkundar er 4,1 %, medan innskotsveksten mot bedriftsmarknaden er 3,7 %.

Utlån til kundar

Brutto utlån til kundar per utgangen av kvartalet var kr 6 053 mill. Dette inkluderer kr 290 mil. lån som er overført til bustadkredittføretaket. Utlånsveksten siste året har vore kr 299 mill., tilsvarande 5,2 %.

Mot privatkundar har utlånsveksten siste året vore 8,4 %, medan veksten mot bedriftsmarknaden har vore -4,2 %. Ved utgangen av kvartalet var innskotsdekninga (innskot frå kundar i % av brutto balanseførde utlån) 97,3 %. Medrekna lån som er overført til bustadkredittføretaket, var innskotsdekninga 92,6 %.

Summen av innskot og eigenkapital utgjorde 120,8 % av brutto balanseførde utlån. Samla nedskrivingar var 0,63 % av brutto balanseførde utlån, mot 0,67 % i fjor.

Aksjar og renteberande verdipapir

Ved utgangen av kvartalet var behaldninga av obligasjonar og sertifikat kr 726 mill., auka frå kr 539 mill. på same tidspunkt i fjor. Behaldninga består i hovudsak av verdipapir med kort restløpetid.

I tillegg har banken ei aksjebehaldning på kr 404 mill., mot kr 312 mill. ved utgangen av same kvartal i fjor.

Eigenkapital og kapitaldekning

Den teljande eigenkapitalen i banken per utgangen av kvartalet var kr 1 216 mill. Kapitaldekninga var 36,9 %. All kapital er rein kjernekapital. Målt mot uvekta balanse var kapitaldekninga 16,5 %.

Til samanlikning var den teljande eigenkapitalen på same tidspunkt i fjor kr 1 019 mill., medan kapitaldekninga då var 34,8 % og 14,7 % målt mot uvekta balanse.

Kapitaldekninga vert utrekna i samsvar med Finanstilsynet sine forskrifter. Frå og med 2. kvartal 2025 er kapitaldekninga rapportert etter regelverket i CRR3, medan tidlegare periodar er baserte på CRR2.

Banken har fram til og med 4. kvartal 2025 praktisert å trekkje frå eigardelar i selskap som blir konsoliderte, frå rein kjernekapital i morbanken. Frå og med 1. kvartal 2026 er dette prinsippet endra, slik at banken nyttar unntaksregelen i CRR artikkel 49 nr. 2, der slike eigardelar ikkje blir trekte frå kapitalgrunnlaget. Endringa har medført ein auke i rapportert kapitaldekning. Tilsvarande frådrag har heller ikkje tidlegare vore gjort i konsernrekneskapen, noko som forklarer at effekten av endringa er den same for både morbank og konsern.

Endringar i kapitaldekninga frå 2025 til 2026 må difor sjåast i lys av desse regelverksendringane. Sjå note 7.

Likviditet

Likviditetssituasjonen til banken er god. Summen av kontantbehaldning, innskot i Norges Bank og saldo i oppgjersbank var kr 376 mill. per utgangen av kvartalet. Vidare utgjorde behaldninga av renteberande verdipapir kr 726 mill.

Banken har om lag kr 1 234 mill. i kundeinnskot ut over Bankenes Sikringsfond si grense på kr 2 mill. per innskytar. Innskot frå dei 10 største kundane utgjer om lag kr 252 mill.

Likviditetsdekningsgraden (LCR) per utgangen av kvartalet var 457 %. Minstekravet frå styresmaktene er 100 %. Banken hadde per same tidspunkt kr 300 mill. i innlån frå pengemarknaden, fordelt med 3 lån à 100 mill. Sjå note 9 for informasjon om desse innlåna.

Misleghald

Misleghaldsnoten (note 5) syner engasjement med individuelle avsetjingar for tap, misleghaldne engasjement over 90 dagar, engasjement med betalingslette samt engasjement med vesentleg auke i kredittrisiko i samsvar med IFRS 9 (trinn 3).

Resultatrekneskap

RESULTATREKNESKAP		Morbank			Konsern		
Tal i heile tusen kroner	Notar	30.09.2026	30.09.2025	2025	30.09.2026	30.09.2025	2025
Renteinntekter							
Renteinntekter frå utlån til kreditt- og finansinstitusjonar		14 010	19 118	25 036	14 010	19 118	25 036
Renteinntekter frå utlån til kundar		229 441	232 147	308 564	229 441	232 147	304 419
Renteinntekter frå rentebærande verdipapir		22 122	19 147	25 022	22 122	19 147	25 022
Renteinntekter øvrige		65	0	0	65	0	0
Sum renteinntekter		**265 638**	**270 412**	**358 622**	**265 638**	**270 412**	**354 477**
Rentekostnadar							
Rentekostnader på innskot frå kundar		121 801	126 354	166 189	121 801	126 354	165 979
Rentekostnader på utferda verdipapir		11 779	12 533	16 387	11 779	12 533	16 387
Andre rentekostnader	Note 10	3 213	2 503	3 322	3 213	2 503	2 462
Sum rentekostnader		**136 794**	**141 390**	**185 898**	**136 794**	**141 390**	**184 828**
Netto rente- og kredittprovisjonsinntekter		**128 844**	**129 021**	**172 724**	**128 844**	**129 021**	**169 649**
Andre driftsinntekter							
Provisjonsinntekter frå banktenester		12 098	10 569	14 243	12 098	10 569	14 243
Provisjonskostnader knytt til banktenester		1 797	1 796	2 525	1 797	1 796	2 525
Utbytte og andre inntekter frå eigenkapitalinstrument		11 817	7 905	11 405	11 817	7 905	11 405
Inntekt av eigarinteresser i konsernselskap		0	0	254	0	0	0
Netto verdiendring og gevinst/tap på valuta og finansielle instrument		-931	2 157	2 651	-931	2 157	2 651
Andre driftsinntekter		0	0	0	0	0	1 743
Netto andre driftsinntekter		**21 187**	**18 835**	**26 028**	**21 187**	**18 835**	**27 517**
Sum driftsinntekter		**150 032**	**147 856**	**198 752**	**150 032**	**147 856**	**197 166**
Løn og andre personalkostnadar		27 033	25 203	34 930	27 033	25 203	34 930
Andre driftskostnadar	Note 10	32 500	32 504	43 701	32 500	32 431	44 926
Av- og nedskrivingar	Note 10	2 750	2 612	3 539	2 750	2 612	1 980
Sum driftskostnadar		**62 283**	**60 318**	**82 170**	**62 283**	**60 245**	**81 836**
Resultat før tap		**87 748**	**87 538**	**116 582**	**87 748**	**87 611**	**115 330**
Kredittap på utlån, garantiar og renteberande verdipapir	Note 6	-1 809	2 450	-101	-1 809	2 450	-101
Driftsresultat før skatt		**89 558**	**85 088**	**116 683**	**89 558**	**85 161**	**115 431**
Årets skattekostnad		14 375	19 750	28 123	14 375	19 750	27 911
Resultat av ordinær drift etter skatt		**75 183**	**65 338**	**88 560**	**75 183**	**65 411**	**87 520**
Postar som ikkje blir omklassifisert til resultat:							
Verdiendring aksjar FVOCI		15 277	12 555	14 409	15 277	12 555	14 409
Sum OCI - ikkje omklassifisert		**15 277**	**12 555**	**14 409**	**15 277**	**12 555**	**14 409**
Postar som kan bli omklassifisert til resultat:							
Verdiendring utlån FVOCI		-748	348	1 221	-748	348	1 221
Skatt på OCI - omklassifiserbar		187	-87	-305	187	-87	-305
Sum OCI - omklassifiserbar		**-561**	**261**	**916**	**-561**	**261**	**916**
Utvida resultat (OCI)		**14 716**	**12 816**	**15 325**	**14 716**	**12 816**	**15 325**
Totalresultat		**89 899**	**78 154**	**103 885**	**89 899**	**78 227**	**102 845**

Balanse

Balanse		Morbank			Konsern		
Tal i heile tusen kroner	Notar	30.09.2026	30.09.2025	2025	30.09.2026	30.09.2025	2025
Eignelutar							
Kontantar og innskot i sentralbank		104 898	435 061	385 742	104 898	435 061	385 742
Utlån og fordringar på kredittinstitusjonar		270 845	265 965	211 696	270 845	265 965	211 696
Utlån til kundar FVOCI	Note 3,5,6	4 291 849	3 918 812	4 023 557	4 291 849	3 918 812	4 023 557
Utlån til kundar – amortisert kost	Note 3,5,6	1 434 808	1 482 654	1 511 192	1 374 808	1 422 144	1 451 192
Renteberande verdipapir	Note 8	725 879	555 725	507 898	725 879	555 725	507 898
Aksjar og andre eigenkapitalinstrument	Note 8	403 552	311 600	335 648	403 580	311 628	335 676
Investeringar i dotterselskap	Note 2	56 025	27 857	46 370	9 655	0	0
Investeringseigedom		0	0	0	39 720	33 853	39 720
Eigarnytta eigedom		15 054	18 596	17 711	37 025	37 866	39 682
Andre varige driftsmidlar	Note 10	8 934	8 378	8 398	8 934	8 378	8 398
Utsett skattefordel		0	170	0	0	446	0
Andre eignelutar		4 542	4 932	4 281	4 616	4 976	4 355
Sum eignelutar		**7 316 388**	**7 029 751**	**7 052 493**	**7 271 811**	**6 994 855**	**7 007 916**
Gjeld og egenkapital							
Innlån frå kredittinstitusjonar		1 666	3 335	647	1 666	3 335	647
Innskot frå kundar	Note 4	5 607 777	5 389 610	5 392 292	5 599 442	5 381 794	5 383 957
Verdipapirgjeld	Note 9	302 273	318 307	302 064	302 273	318 307	302 064
Anna gjeld	Note 10	31 534	43 912	55 466	-4 490	19 518	19 442
Pensjonsskuldnadar		0	0	0	0	0	0
Skuldig skatt	Note 6	17 057	26 366	28 075	20 637	26 366	31 655
Avsetjingar for garantiar og rammekredittar		673	442	440	673	442	440
Sum gjeld		**5 960 980**	**5 781 972**	**5 778 984**	**5 920 201**	**5 749 762**	**5 738 205**
Grunnfondskapital							
Sparebanken sitt fond		1 094 495	1 021 436	1 110 495	1 090 697	1 018 678	1 106 697
Gåvefond		28 000	20 000	20 000	28 000	20 000	20 000
Sum grunnfondskapital		**1 122 495**	**1 041 436**	**1 130 495**	**1 118 697**	**1 038 678**	**1 126 697**
Fond for verdiregulering		157 730	141 004	143 014	157 730	141 004	143 014
Ikkje disponert resultat		75 183	65 338	0	75 183	65 411	0
Sum eigenkapital	Note 7	**1 355 408**	**1 247 777**	**1 273 509**	**1 351 610**	**1 245 093**	**1 269 711**
Sum gjeld og eigenkapital		**7 316 388**	**7 029 751**	**7 052 493**	**7 271 811**	**6 994 855**	**7 007 916**

Styret i Voss Sparebank
12. november 2026



Trond Syversen
Styreleiar



Helene Stråtveit
Nestleiar



Gunn Irene Hommedal Kvitne
Styremedlem



Knut Olav Røssland Nestås
Styremedlem



Olav Bjørgum
Styremedlem



Liv Randi Øvsthus
Styremedlem, tilsett



Jørund Rong
Adm banksjef

Eigenkapitaloppstilling

3. kvartal 2026

Morbank	Sparebanken sitt fond	Gåvefond	Fond for verdiregulering	Sum eigenkapital
Eigenkapital 31.12.2025	**1 110 495**	**20 000**	**143 014**	**1 273 509**
Resultat etter skatt	75 183	0	0	75 183
Andre inntekter og kostnader (OCI):				
Verdiending aksjar FVOCI	0	0	15 277	15 277
Verdiendring utlån FVOCI	0	0	-748	-748
Skatt på verdiendring utlån FVOCI	0	0	187	187
Totalresultat for perioden	**75 183**	**0**	**14 716**	**89 899**
Overføringar i perioden:				
Avsetjing til gåvefond	-16 000	8 000	0	-8 000
Eigenkapital 30.09.2026	**1 169 678**	**28 000**	**157 730**	**1 355 408**

Konsern	Sparebanken sitt fond	Gåvefond	Fond for verdiregulering	Sum eigenkapital
Eigenkapital 31.12.2025	**1 106 697**	**20 000**	**143 014**	**1 269 711**
Resultat etter skatt	75 183	0	0	75 183
Andre inntekter og kostnader (OCI):				
Verdiending aksjar FVOCI	0	0	15 277	15 277
Verdiendring utlån FVOCI	0	0	-748	-748
Skatt på verdiendring utlån FVOCI	0	0	187	187
Totalresultat for perioden	**75 183**	**0**	**14 716**	**89 899**
Overføringar i perioden:				
Avsetjing til gåvefond	-16 000	8 000	0	-8 000
Eigenkapital 30.09.2026	**1 165 880**	**28 000**	**157 730**	**1 351 610**

3. kvartal 2025

Morbank	Sparebanken sitt fond	Gåvefond	Fond for verdiregulering	Sum eigenkapital
Eigenkapital 31.12.2024	**1 035 437**	**13 000**	**128 188**	**1 176 625**
Resultat etter skatt	65 338	0	0	65 338
Andre inntekter og kostnader (OCI):				
Verdiending aksjar FVOCI	0	0	12 554	12 554
Verdiendring utlån FVOCI	0	0	348	348
Skatt på verdiendring utlån FVOCI	0	0	-87	-87
Totalresultat for perioden	**65 338**	**0**	**12 815**	**78 153**
Overføringar i perioden:				
Avsetjing til gåvefond	-14 000	7 000	0	-7 000
Eigenkapital 30.09.2025	**1 086 774**	**20 000**	**141 003**	**1 247 777**

Konsern	Sparebanken sitt fond	Gåvefond	Fond for verdiregulering	Sum eigenkapital
Eigenkapital 31.12.2024	**1 032 679**	**13 000**	**128 188**	**1 173 867**
Resultat etter skatt	65 411	0	0	65 411
Andre inntekter og kostnader (OCI):				
Verdiending aksjar FVOCI	0	0	12 554	12 554
Verdiendring utlån FVOCI	0	0	348	348
Skatt på verdiendring utlån FVOCI	0	0	-87	-87
Totalresultat for perioden	**65 411**	**0**	**12 815**	**78 226**
Overføringar i perioden:				
Avsetjing til gåvefond	-14 000	7 000	0	-7 000
Eigenkapital 30.09.2025	**1 084 090**	**20 000**	**141 003**	**1 245 093**

Notar

Note 1. Generell informasjon

Voss Sparebank er ein sjølvstendig sparebank lokalisert på Voss. Banken tilbyr banktenester og forsikringsprodukt for person- og bedriftsmarknaden. Banken har hovudkontor og besøksadresse Vangsgata 18 på Voss.

Nærståande partar

Voss Sparebank Eigedom AS, org.nr. 896 324 012

Voss Sparebank Eigedom AS er eigd 100 % av Voss Sparebank. Føremålet med selskapet er å eiga og drifta bankbygget i Vangsgata 18. Selskapet sine rekenskapstal vert konsolidert inn i banken sitt konsernrekneskap.

Voss Invest AS, org.nr. 945 665 343

Voss Invest AS er eigd 100 % av Voss Sparebank. Føremålet med selskapet er investeringar, eigarskap og sal av verdipapir og eigedom som ikkje naturleg høyrer inn i banken sin balanse. Selskapet sine rekenskapstal vert konsolidert inn i banken sitt konsernrekneskap.

Proaktiv Voss Eiendomsmegling AS, org.nr. 993 971 804

Selskapet er eigd 51 % av Voss Sparebank, og driv meklartenester på Voss. Selskapet er lokalisert i nabobygget til banken. Denne eigedommen er eigd av Kvitanosi AS.

AS Jernvangen, org.nr. 945 418 311

AS Jernvangen er eigd 100 % av banken sitt dotterselskap Voss Invest AS. Banken har også tidlegare år vore deleigar i selskapet gjennom Voss Invest AS, men overtok i desember 2021 dei resterande lutane i selskapet. Selskapet er eit eigedomsselskap som skal drifta og utvikla eigen næringseigedom sentralt på Vossevangen.

Hanguren AS, org.nr. 930 300 322

Hanguren AS er eigd 100% av Voss Invest AS Selskapet eig det gamle bankbygget i Odda, lokalisert i Røldalsvegen 25 i Odda sentrum. Føremålet med selskapet er investeringar, eigarskap og sal av verdipapir og eigedom som ikkje naturleg høyrer inn i banken sin balanse.

Kvitanosi AS, org.nr. 980 104 885

Kvitanosi AS, tidlegare Proaktiv Voss Eiendom AS, er eigd 100 % av Voss Invest AS. Selskapet eig eigedommen i Vangsgata 16 på Voss, der meklarføretaket Proaktiv Voss Eiendomsmegling AS er lokalisert. Voss Invest AS kjøpte selskapet i 1. kvartal 2026.

Note 2. Rekneskapsprinsipp

Grunnlag for utarbeiding av rekneskapen

Delårsrekneskapen er utarbeidd i samsvar med forskrift om årsrekneskap for bankar, kredittføretak og finansieringsføretak kapittel 8 og IAS 34 Delårsrapportering. Delårsrekneskapen er ikkje ein fullstendig rekneskap, og må sjåast i samanheng med årsrekneskapen for 2025.

Rekneskapsprinsippa og metodevala nytta i delårsrekneskapen er dei same som i årsrekneskapen for 2025, med mindre anna er særskilt opplyst.

IFRS og rekneskapsstandardar

Årsrekneskapen er utarbeidd i samsvar med International Financial Reporting Standards (IFRS) fastsette av EU. Leigeavtalar vert rekneskapsførte etter IFRS 16.

Det har ikkje vore vesentlege endringar i banken sine rekneskapsprinsipp i inneverande kvartal. Banken har starta arbeidet med å vurdere effektane av IFRS 18 (Presentation and Disclosure in Financial Statements), som er planlagt innført frå rapporteringa for
1. kvartal 2027. Vurderingane er framleis på eit tidleg stadium, og eventuelle effektar vil verta omtala nærare i komande rapporteringar.

I samsvar med forskrift om årsrekneskap for bankar, kredittføretak og finansieringsføretak, vert utbyte og konsernbidrag frå dotterselskap rekneskapsførte i samsvar med reglane i rekneskapslova.

Konsolidering – endringar i konsernstrukturen

I inneverande år har banken hatt fylgjande endringar i konsernstrukten. Dette skjedde i 1. kvartal 2026:

Dotterselskapet Voss Invest AS kjøpte 100 % av aksjane i Kvitanosi AS (org.nr. 980 104 885). Voss Sparebank kjøpte i same periode 51 % av aksjane i Proaktiv Voss Eiendomsmegling AS (org.nr. 993 971 804). Både Kvitanosi AS og eigarandelen i Proaktiv Voss Eiendomsmegling AS vil bli konsolidert i konsernrekneskapen for fyrste gong i årsrekneskapen for inneverande år.

Prinsippa for konsolidering er elles uendra frå årsrekneskapen for 2025. Nærare omtale av kjøpa og relasjonar til nærståande partar går fram av note 1 og noten om nærståande partar.

Inntektsføring

Renteinntekter og rentekostnader vert resultatførte etter effektiv rentemetode. Gebyr og provisjonar vert resultatførte etter kvart som tenestene vert leverte. Gebyr knytte til etablering av utlån inngår i utrekninga av amortisert kost og vert inntektsførte over lånet si forventa løpetid.

Utbyte frå investeringar vert resultatført på tidspunktet generalforsamlinga vedtek utbytet.

Finansielle instrument

Finansielle eignelutar og plikter vert klassifiserte og målte i samsvar med IFRS 9. Klassifiseringa er basert på banken sin forretningsmodell og dei kontraktfesta kontantstraumane.

Utlån til kundar vert hovudsakleg målt til amortisert kost. Utlån som kan overførast til bustadkredittføretak er klassifiserte til verkeleg verdi med verdiendring over utvida resultat. Likviditetsporteføljen er klassifisert til verkeleg verdi med verdiendring over resultatet.

Nedskriving av finansielle eignelutar

Tapsavsetjingar vert rekna etter modellen for forventa tap i IFRS 9. Banken nyttar ein modell som byggjer på interne data, framoverskuande makroøkonomiske scenario og parameterane sannsyn for misleghald (PD), tap gjeve misleghald (LGD) og eksponering ved misleghald (EAD). Prinsippa for nedskriving er uendra frå årsrekneskapen for 2025.

Skatt

Skattekostnaden omfattar betalbar skatt og endring i utsett skatt, berekna på mellombelse skilnader mellom rekneskapsmessige og skattemessige verdiar i samsvar med gjeldande skattereglar.

Hendingar etter balansedagen

Hendingar etter balansedagen som gjev informasjon om tilhøve som fanst på balansedagen, er tekne omsyn til i rekneskapen. Vesentlege hendingar etter balansedagen som gjeld nye tilhøve, vert opplyste dersom relevante.

Note 3. Utlån fordelt på sektor og næring

	Morbank			Konsern		
	30.09.2026	30.09.2025	31.12.2025	30.09.2026	30.09.2025	31.12.2025
Landbruk	441 212	409 471	432 806	441 212	409 471	432 806
Industri og bergverk	29 792	48 405	38 983	29 792	48 405	38 983
Bygg og anlegg	87 206	84 510	87 570	87 206	84 510	87 570
Varehandel	77 260	82 440	83 798	77 260	82 440	83 798
Transport	16 606	17 639	21 753	16 606	17 639	21 753
Overnatting og servering	63 833	65 615	66 085	63 833	65 615	66 085
Omsetjing og drift av fast eigedom	494 718	561 879	570 500	434 718	501 369	510 500
Fagleg og finansiell tenesteyting	29 568	24 055	22 020	29 568	24 055	22 020
Forretningsmessig tenesteveyting	62 840	66 005	65 268	62 840	66 005	65 268
Anna tenesteyting	88 634	92 438	85 553	88 634	92 438	85 553
Sum næringskundar	**1 391 670**	**1 452 457**	**1 474 336**	**1 331 670**	**1 391 947**	**1 414 336**
Personkundar	4 371 347	3 989 644	4 097 498	4 371 347	3 989 644	4 097 498
Brutto utlån til kundar	**5 763 017**	**5 442 101**	**5 571 834**	**5 703 017**	**5 381 591**	**5 511 834**
Steg 1 nedskrivingar	6 268	5 566	9 031	6 268	5 566	9 031
Steg 2 nedskrivingar	3 456	7 950	4 256	3 456	7 950	4 256
Steg 3 nedskrivingar	29 233	29 592	27 144	29 233	29 592	27 144
Tilbakeført nedskriving for lån til verkeleg verdi trinn 1 (OCI)	-2 598	-2 473	-3 346	-2 598	-2 473	-3 346
Sum nedskrivingar	**36 359**	**40 635**	**37 085**	**36 359**	**40 635**	**37 085**
Netto utlån til kundar	**5 726 658**	**5 401 466**	**5 534 749**	**5 666 658**	**5 340 956**	**5 474 749**
Utlån formidla via Verd Boligkreditt AS	290 386	312 616	290 281	290 386	312 616	290 281
Samla utlån medrekna portefølje i bustadkredittføretak	**6 017 044**	**5 714 082**	**5 825 030**	**5 957 044**	**5 653 572**	**5 765 030**

Note 4. Innskot frå kundar fordelt på sektor og næring

	Morbank			Konsern		
	30.09.2026	30.09.2025	31.12.2025	30.09.2026	30.09.2025	31.12.2025
Landbruk	208 054	199 663	190 086	208 054	199 663	190 086
Industri og bergverk	61 884	69 601	64 562	61 884	69 601	64 562
Bygg og anlegg	121 274	140 924	151 944	121 274	140 924	151 944
Varehandel	72 690	80 639	76 855	72 690	80 639	76 855
Transport og lagring	49 153	50 859	50 206	49 153	50 859	50 206
Overnatting og servering	66 232	52 523	35 835	66 232	52 523	35 835
Omsetjing og drift av fast eigedom	175 828	151 249	157 765	167 493	147 859	149 430
Fagleg og finansiell tenesteyting	158 948	102 955	124 579	158 948	98 529	124 579
Forretningsmessig tenesteveyting	22 949	28 735	25 721	22 949	28 735	25 721
Anna tenesteyting	320 062	335 005	342 106	320 062	335 005	342 106
Sum næringskundar	**1 257 076**	**1 212 153**	**1 219 659**	**1 248 741**	**1 204 337**	**1 211 324**
Personkundar	4 350 701	4 177 457	4 172 633	4 350 701	4 177 457	4 172 633
Sum innskot fra kundar	**5 607 777**	**5 389 610**	**5 392 292**	**5 599 442**	**5 381 794**	**5 383 957**

Note 5. Kredittsvekka engasjement

Banken deler kredittsvekka engasjement inn i følgjande tre grupper:

Mislegheldne engasjement over 90 dagar: Engasjement der betaling har vore misleghalden i 90 dagar eller meir.

Andre tapsutsette engasjement: Engasjement der det er innvilga vesentleg betalingslette, samt andre engasjement der banken har gjort individuell nedskriving for tap.

Engasjement med betalingslette elles: Engasjement med betalingslette som ikkje er omfatta av dei to kategoriane ovanfor.

	30.09.2026	30.09.2025	31.12.2025	30.09.2026	30.09.2025	31.12.2025
Misleghaldne engasjement over 90 dagar (trinn 3)						
Brutto misleghaldne engasjement - personmarknad	13	5 847	771	1 425	5 847	771
Brutto misleghaldne engasjement - bedriftsmarknad	0	1 528	1 534	1 546	1 528	1 534
-Nedskrivingar i steg 3	2	1 884	508	575	1 884	508
Netto misleghaldne engasjement	**11**	**5 491**	**1 796**	**2 396**	**5 491**	**1 797**
Andre tapsutsette engasjement	**30.09.2026**	**30.09.2025**	**31.12.2025**	**30.09.2026**	**30.09.2025**	**31.12.2025**
Brutto tapsutsette ikkje misleghaldne engasjement - privat	43 020	46 729	40 182	57 015	46 729	40 182
Brutto tapsutsette, ikkje misleghaldne engasjement - bedrifter	55 806	63 698	50 487	44 883	63 698	50 487
-Nedskrivingar i steg 3	29 264	27 539	26 759	31 113	27 539	26 759
Netto tapsutsette engasjement	**69 561**	**82 888**	**63 910**	**70 785**	**82 888**	**63 910**
Lån med betalingslette elles	**30.06.2026**	**30.09.2025**	**31.12.2025**	**30.09.2026**	**30.09.2025**	**31.12.2025**
Personmarknad	10 310	35 622	26 021	10 310	35 622	26 021
Bedrifstmarknad	8 300	8 535	9 042	8 300	8 535	9 042
SUM lån med betalingslette elles	**18 610**	**44 157**	**35 063**	**18 610**	**44 157**	**35 063**

Note 6. Nedskrivning på utlån, garantiar, unytta kredittar og lånetilsagn

PM -Endring i tapsavsetjingar balanseførde lån

Bevegelser i avsetninger og nedskrivninger, kredittap	Venta tap trinn 1	Venta tap trinn 2	Venta tap trinn 3 / individuelle	SUM trinn 1,2 og 3
Inngående balanse, 01.01	3 395	1 263	6 153	10 811
Overført til trinn 1	386	-367	-19	0
Overført til trinn 2	-77	77	0	0
Overført til trinn 3 / endring individuelle	-73	-289	362	0
Netto endring innanfor kvart trinn	-1 324	737	-1 230	-1 817
Nye tap	809	213	2 290	3 312
Frårekna tap	-442	-130	-379	-951
Endring i risikomodell/parametere	0	0	0	0
Andre endringar	0	0	0	0
Utgående balanse	**2 674**	**1 504**	**7 177**	**11 355**

PM - Volumendring balanseførde lån

Endringar i avsetjingar og nedskrivingar, tap på kreditt	Venta tap trinn 1	Venta tap trinn 2	Venta tap trinn 3 / individuelle	SUM trinn 1,2 og 3
Inngående balanse, 01.01	3 885 961	177 022	34 910	4 097 893
Overført til trinn 1	69 476	-65 078	-4 398	0
Overført til trinn 2	-73 730	73 730	0	0
Overført til trinn 3 / endring individuelle	-2 295	-12 252	14 547	0
Netto endring innanfor kvart trinn	-65 107	3 628	-4 776	-66 255
Tapsvurdering, nye lån	1 033 116	17 682	14 348	1 065 146
Tapsvurdering, avgang lån	-680 361	-35 135	-9 635	-725 131
Endring i risikomodell/parametere	0	0	0	0
Andre endringar	0	0	-306	-306
Utgående balanse	**4 167 060**	**159 597**	**44 690**	**4 371 347**

PM - Endring utanom balansen

Endringar i avsetjingar og nedskrivingar, tap på kreditt	Venta tap trinn 1	Venta tap trinn 2	Venta tap trinn 3 / individuelle	SUM trinn 1,2 og 3
Inngående balanse, 01.01	26	0	0	26
Overført til trinn 1	0	0	0	0
Overført til trinn 2	0	0	0	0
Overført til trinn 3 / endring individuelle	0	0	0	0
Netto endring innanfor kvart trinn	0	0	0	0
Tapsvurdering, nye lån	9	0	0	9
Tapsvurdering, avgang lån	-1	0	0	-1
Konstatert tap	0	0	0	0
Endring i risikomodell/parametere	0	0	0	0
Andre endringar	0	0	0	0
Utgående balanse	**34**	**0**	**0**	**34**

BM - Endring i tapsavsetjingar balanseførde lån

Endringar i avsetjingar og nedskrivingar, tap på kreditt	Venta tap trinn 1	Venta tap trinn 2	Venta tap trinn 3 / individuelle	SUM trinn 1,2 og 3
Inngående balanse, 01.01	5 636	2 992	20 417	29 045
Overført til trinn 1	413	-413	0	0
Overført til trinn 2	-90	90	0	0
Overført til trinn 3 / endring individuelle	-1 627	0	1 627	0
Netto endring innanfor kvart trinn	-1 094	-240	-628	-1 962
Nye tap	1 403	168	695	2 266
Frårekna tap	-1 047	-646	-391	-2 084
Endring i risikomodell/parametere	0	0	0	0
Andre endringar	0	0	0	0
Utgående balanse	**3 594**	**1 951**	**21 720**	**27 265**

BM - Volumendring balanseførde lån

Endringar i avsetjingar og nedskrivingar, tap på kreditt	Venta tap trinn 1	Venta tap trinn 2	Venta tap trinn 3 / individuelle	SUM trinn 1,2 og 3
Inngående balanse, 01.01	1 282 463	150 711	39 037	1 472 211
Overført til trinn 1	45 860	-45 859	-1	0
Overført til trinn 2	-25 286	25 286	0	0
Overført til trinn 3 / endring individuelle	-11 991	0	11 991	0
Netto endring innanfor kvart trinn	-37 172	-22 590	-1 531	-61 293
Tapsvurdering, nye lån	265 184	6 532	1 583	273 299
Tapsvurdering, avgang lån	-270 228	-23 800	-1 534	-295 562
Endring i risikomodell/parametere	0	0	0	0
Andre endringar	0	0	3 015	3 015
Utgående balanse	**1 248 830**	**90 280**	**52 560**	**1 391 670**

BM - Endring utanom balansen

Bevegelser i avsetninger og nedskrivninger, kredittap	Venta tap trinn 1	Venta tap trinn 2	Venta tap trinn 3 / individuelle	SUM trinn 1,2 og 3
Inngående balanse, 01.01	159	131	116	406
Overført til trinn 1	4	-4	0	0
Overført til trinn 2	-4	4	0	0
Overført til trinn 3 / endring individuelle	0	0	0	0
Netto endring innanfor kvart trinn	-11	-66	21	-56
Tapsvurdering, nye lån	96	1	236	333
Tapsvurdering, avgang lån	-39	-2	-4	-45
Konstatert tap	0	0	0	0
Endring i risikomodell/parametere	0	0	0	0
Andre endringar	0	0	0	0
Utgående balanse	**205**	**64**	**369**	**638**

Endring resultat

Bevegelser i avsetninger og nedskrivninger, kredittap	Venta tap trinn 1	Venta tap trinn 2	Venta tap trinn 3 / individuelle	SUM trinn 1,2 og 3
Inngående balanse, 01.01	9 216	4 386	26 686	40 288
Overført til trinn 1	803	-784	-19	0
Overført til trinn 2	-171	171	0	0
Overført til trinn 3 / endring individuelle	-1 700	-289	1 989	0
Netto endring innanfor kvart trinn	-2 429	431	-1 837	-3 835
Tapsvurdering, nye lån	2 317	382	3 221	5 920
Tapsvurdering, avgang lån	-1 529	-778	-774	-3 081
Endring i risikomodell/parametere	0	0	0	0
Andre endringar	0	0	-815	-815
Endring i amortisering frå 31.12.	0	0	-32	-32
Utgående balanse	**6 507**	**3 519**	**28 419**	**38 445**
Konstaterte tap	0	0	283	283
Inngang tidlegare konstaterte tap	0	0	-249	-249
Resultatført tap	**-2 709**	**-867**	**1 767**	**-1 809**

Note 7. Kapitaldekning

Ansvarleg kapital og kapitaldekning (1)	Morbank			Konsern		
	30.09.2026	30.09.2025	31.12.2025	30.09.2026	30.09.2025	31.12.2025
Sparebanken sitt fond	1 094 495	1 021 436	1 110 495	1 090 697	1 018 751	1 106 697
Gåvefond	28 000	20 000	20 000	28 000	20 000	20 000
Fond for verdijusteringar	157 730	141 004	143 014	157 730	141 004	143 014
Sum bokført eigenkapital	**1 280 225**	**1 182 440**	**1 273 509**	**1 276 427**	**1 179 755**	**1 269 711**
Framlegg til disponering for ålmennyttige føremål	0	0	-8 000	0	0	-8 000
Frådrag for ansv. Kap. i andre finansinst.	-58 868	-158 669	-164 308	-58 868	-158 669	-164 308
Verdijustering for krav om forsv. verdifastsetjing	-5 421	-4 788	-4 867	-5 421	-4 788	-4 867
Rein kjernekapital	**1 215 936**	**1 018 983**	**1 096 334**	**1 212 138**	**1 016 298**	**1 092 536**
Fondsobligasjonar	-	-	-	-	-	-
Frådrag i kjernekapital	-	-	-	-	-	-
Kjernekapital	**1 215 936**	**1 018 983**	**1 096 334**	**1 212 138**	**1 016 298**	**1 092 536**
Ansvarleg lånekapital	**0**	**0**	**0**	**0**	**0**	**0**
Frådrag i tilleggskapital	**0**	**0**	**0**	**0**	**0**	**0**
Ansvarleg kapital	**1 215 936**	**1 018 983**	**1 096 334**	**1 212 138**	**1 016 298**	**1 092 536**
Eksponeringskategori (vekta verdi)						
Lokale/regional styresmakter	34 970	62 042	53 147	34 970	62 042	53 147
Institusjonar	89 413	77 013	70 178	89 413	77 013	70 158
Føretak	70 236	81 424	81 712	70 236	81 424	81 712
Massemarknad	502 759	551 003	581 617	502 759	551 003	581 617
Pant i fast eigedom	1 714 050	1 461 995	1 504 966	1 641 966	1 422 113	1 457 804
Forfalte engasjement	69 306	83 091	57 950	69 306	83 091	57 950
Engasjement med høg risiko	30 000	10 819	30 000	30 000	10 819	30 000
Obligasjonar med fortrinnsrett	23 284	16 565	15 507	23 284	16 565	15 507
Lutar verdipapirfond	130 952	50 000	51 898	130 952	50 000	51 898
Eigenkapitalposisjonar	382 752	310 949	296 526	342 439	289 939	270 516
Andre engasjement	35 306	44 794	44 519	97 071	97 917	97 963
Sum utrekningsgrunnlag for kredittrisiko	**3 083 028**	**2 749 695**	**2 788 020**	**3 032 396**	**2 741 926**	**2 768 272**
Utrekningsgrunnlag frå operasjonell risiko	274 298	333 500	333 500	274 298	333 500	333 500
Frådrag for ansv. Kap. i andre finansinst.	-58 868	-158 669	-164 308	-58 868	-158 669	-164 308
Utrekningsgrunnlag	**3 298 458**	**2 924 526**	**2 957 212**	**3 247 826**	**2 916 757**	**2 937 464**
Rein kjernekapitaldekning %	36,86 %	34,84 %	37,07 %	37,32 %	34,84 %	37,19 %
Kjernekapitaldekning %	36,86 %	34,84 %	37,07 %	37,32 %	34,84 %	37,19 %
Kapitaldekning %	36,86 %	34,84 %	37,07 %	37,32 %	34,84 %	37,19 %
Uvekta kjernekapitaldekning %	16,54 %	14,68 %	15,75 %	16,52 %	14,70 %	15,78 %
Konsolidering av samarbeidande grupper (2)						
Ansvarleg kapital	1 366 549	1 160 285	1 240 669	1 362 751	1 160 285	1 237 984
Kjernekapital	1 351 286	1 145 765	1 226 151	1 347 488	1 145 765	1 223 466
Rein kjernekapital	1 339 284	1 133 458	1 224 844	1 335 486	1 133 458	1 222 159
Utrekningsgrunnlag	3 962 756	3 349 478	3 571 046	3 912 124	3 364 439	3 551 298
Kapitaldekning %	34,48 %	32,14 %	34,70 %	34,83 %	32,14 %	34,86 %
Kjernekapitaldekning %	34,10 %	32,49 %	34,29 %	34,44 %	32,49 %	34,45 %
Rein kjernekapitaldekning %	33,80 %	32,90 %	34,25 %	34,14 %	32,90 %	34,41 %
Uvektet kjernekapitalandel i %	15,84 %	14,37 %	15,29 %	15,82 %	14,35 %	15,32 %

1) Frå og med 30. juni 2025 er kapitaldekninga rapportert i samsvar med regelverket i CRR3. Tal for tidlegare periodar er baserte på regelverket i CRR2. Banken nyttar standardmetoden for kredittrisiko og har heller ikkje tidlegare nytta interne modellar. Banken er likevel påverka av fleire endringar i CRR3, mellom anna justert risikovekting av bustadlån og SMB-eksponeringar, nye krav til utrekning av operasjonell risiko samt endringar knytte til einskilde motpartar. Endringar i kapitaldekninga frå tidlegare periodar må difor tolkast i lys av desse regelverksendringane. Banken vurderer kapitaldekninga per 31.06.2026 som god og godt over gjeldande kapitalkrav.

2) Samarbeidande grupper er i dette høvet:
- Verd Boligkreditt - banken eig 1,01 % av selskapet
- Brage Finans AS - banken eig 2,17 % av selskapet

Banken har fram til og med 4. kvartal 2025 praktisert å trekkje frå eigardelar i selskap som blir konsoliderte, frå rein kjernekapital i morbanken. Frå og med 1. kvartal 2026 er dette prinsippet endra, slik at banken nyttar unntaksregelen i CRR artikkel 49 nr. 2, der slike eigardelar ikkje blir trekte frå kapitalgrunnlaget. Endringa har medført ein auke i rapportert kapitaldekning. Tilsvarande frådrag har heller ikkje tidlegare vore gjort i konsernrekneskapen, noko som forklarer at effekten av endringa er den same for både morbank og konsern.

Note 8. Verdsetjingshierarki finansielle instrument til verkeleg verdi

Tal for konsernet per 31.12.2025 og 30.09.2026.

Finansielle instrument verdsett til verkeleg verdi	NIVÅ 1	NIVÅ 2	NIVÅ 3	Sum totalt
Utlån til kundar til verkeleg verdi over utvida resultat			4 023 557	4 023 557
Obligasjonar til verkelig verdi over resultat		507 898		507 898
Rentefond til verkelig verdi over resultat		129 948		129 948
Aksjer / aksjefond til virkelig verdi over resultat	3 019			3 019
Aksjer til virkelig verdi over utvidet resultat	89 708		170 942	260 650
Sum 31.12.2025	**92 727**	**637 846**	**4 194 499**	**4 925 072**
Finansielle instrument verdsett til verkeleg verdi	**NIVÅ 1**	**NIVÅ 2**	**NIVÅ 3**	**Sum totalt**
Utlån til kundar til verkeleg verdi over utvida resultat			4 300 577	4 300 577
Obligasjonar til verkelig verdi over resultat		725 879		725 879
Rentefond til verkelig verdi over resultat		129 948		129 948
Aksjer / aksjefond til virkelig verdi over resultat	2 902			2 902
Aksjer til virkelig verdi over utvidet resultat	96 370		174 332	270 702
Sum 30.09.2026	**99 272**	**855 827**	**4 474 909**	**5 430 008**
Avstemming av nivå 3	**Utlån til kundar**	**Aksjar**	**Sum nivå 3**	
Finansielle instrument verdsett til verkeleg verdi 31.12.2025	4 023 557	170 942	4 194 499	
Realisert vinst/tap	0	-3 092	-3 092	
Urealisert vinst/tap ført mot resultat	-6 665	0	-6 665	
Urealisert vinst/tap ført mot utvidet resultat	748	8 450	9 198	
Kjøp verdipapir / nye lån	277 741	7 659	285 400	
Sal verdipapir / tilbakekjøp lån	5 196	-9 627	-4 431	
Finensielle instrument verdsett til verkeleg verdi 30.09.2026	**4 300 577**	**174 332**	**4 474 909**	

Verkeleg verdi av finansielle instrument vert klassifisert i tre nivå basert på kva type input som er nytta i verdsetjinga:

Nivå 1 - Finansielle instrument som vert verdsette ved bruk av noterte prisar i aktive marknader for identiske eignelutar eller skyldnadar.

I denne kategorien inngår mellom anna børsnoterte aksjar, sertifikat og statsobligasjonar som vert omsette i aktive marknader.

Nivå 2 - Finansielle instrument som vert verdsette ved bruk av observerbar marknadsinformasjon, direkte eller indirekte, som ikkje er noterte prisar i aktive marknader. Dette omfattar mellom anna noterte prisar i ikkje-aktive marknader for identiske eller tilsvarande eignelutar og skyldnadar.

I denne kategorien inngår sertifikat og obligasjonar som vert omsette i ikkje-aktive marknader. Verdsetjinga i nivå 2 baserer seg i hovudsak på observerbare data som rentekurver, valutakursar og kredittmarginar knytte til dei aktuelle instrumenta.

Nivå 3 - Finansielle instrument som ikkje kan verdsetjast basert på observerbare marknadsdata.

I denne kategorien inngår aksjar som ikkje vert omsette i aktive marknader, samt utlån til kundar som er klassifiserte i IFRS 9-kategorien «verkeleg verdi over utvida resultat».

Verdsetjinga i nivå 3 byggjer på vurderingar av underliggjande eignelutar og gjeld i selskapet, forventa kontantstraumar og andre verdsetjingsmodellar der det vert nytta input som i liten grad er observerbar eller eksternt verifiserbar.

Utlån klassifiserte til «verkeleg verdi over utvida resultat» vert vurderte til amortisert kost. Nedskriving i steg 1 i IFRS 9-modellen er modellbasert og vurdert til ikkje å påverke verkeleg verdi ved eit eventuelt sal. Verkeleg verdi av desse utlåna er difor vurdert lik amortisert kost utan nedskriving i steg 1.

Banken sine verdsetjingsmetodar er utforma for å maksimere bruken av observerbare marknadsdata der dette er tilgjengeleg, og byggjer i minst mogeleg grad på banken sine eigne skjønnsmessige vurderingar.

Note 9. Verdipapirgjeld

Sertifikat- og obligasjonslån	Låneopptak	Siste forfall	Pålydande	Bokført verdi 30.09.2026	Bokført verdi 30.09.2025	Rentevilkår
NO0011117210	07.10.2021	07.10.2025	150 000	0	100 000	3 mnd. NIBOR + 0,47 %
NO0013116384	11.01.2024	11.01.2027	100 000	100 000	100 000	3 mnd. NIBOR + 0,86 %
NO0013460733	17.01.2025	17.11.2027	150 000	100 000	100 000	3 mnd. NIBOR + 0,66 %
NO0013638544	28.08.2025	28.08.2028	150 000	100 000	0	3 mnd. NIBOR + 0,54 %
Periodiserte renter på verdipapirgjeld				2 273	2 064	
Sum gjeld ved utferding av verdipapir				**302 273**	**302 064**	

Endringar i verdipapirgjeld hittil i år		Nye lån	Innfriingar	Andre endringar	Endring balanse hittil i år	
Sertifikatgjeld		-	-	-	-	
Obligasjonsgjeld		-	-	113	113	
Sum gjeld stifta ved utferding av verdipapir		**-**	**-**	**113**	**113**	

Note 10. IFRS leigeavtalar

I samband med inngåing av ny tiårig leigeavtale mellom Voss Sparebank og Voss Sparebank Eigedom AS er leigeavtalen rekneskapsført i samsvar med IFRS 16.

Ved implementering av leigeavtalen vart det balanseført ein bruksrettseigedel på kr 30,6 mill., tilsvarande noverdien av leigeavtalen. Samstundes vart det balanseført ei leigeforplikting på kr 30,6 mill.

Balanseføringa av bruksrettseigedelen har òg påverka banken si kapitaldekning. Som følgje av implementeringa vart kapitaldekninga redusert med 31 basispunkt.

Ved utrekning av noverdien er det nytta ein diskonteringsrente på 4,0 %. Banken har berre éin leigeavtale, og årleg leigesum utgjer kr 4 284 000.

Leigeskuldnadar	30.09.2026
Inngåande balanse	19 357
Husleigebetaling	-3 213
Kapitalisert rente	553
Utgåande balanse	**16 697**
Balanseført bruksrett	**30.09.2026**
Inngåande balanse	17 711
Avskrivingar	-2 657
Utgåande balanse	**15 054**
Resultatpostar	**30.09.2026**
Avskriving bruksrett	2 658
Rentekostnad leieforpliktingar	551
Sum rente- og avskrivingskostnadar bankbygg	**3 209**